

# Barne- og ungdomslitteratur i Norge 2004 Statistikk



Statistikken over bokutgivingar for barn og unge er utarbeidd av biblioteket ved Norsk barnebokinstitut. Biblioteket har òg sett opp eit oversyn over årleg bibliotekutlån pr. barn i Skandinavia, og eit oversyn i tal over innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge.

Statistikken dekkjer 2004. (Då redaksjonen avslutta arbeidet, var tala for 2005 ikkje fullstendige nok til å danne grunnlag for ein årsstatistikk.) Kolonnane for 1990, 2002 og 2003 gir perspektiv til tala frå 2004. I tidlegare årbøker vil ein kunne finne statistikkar for åra f.o.m. 1996.

Bakgrunns materialet for statistikken er i hovudsak NBIs eiga boksamling, som er registrert i ein eigen bokbase (tilgjengeleg frå [www.barnebokinstituttet.no](http://www.barnebokinstituttet.no)). I tillegg er det nytta ei utskrift frå Nasjonalbibliografien og ulike forlagskatalogar i tilfelle der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei med i samlinga si pr. 1.12.2005.

Utgivingsstatistikken viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk utgitte i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Statistikken omfattar nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk omfattar utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandlar, til dømes bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlarnettet. Desse bokklubbane og somme av dei religiøse


forlaga har ein stor andel omsetjingar mellom utgivingane sine. Av den grunnen vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, særskilt frå engelsk språkområde, enn det andre statistikkar gjer.

NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivingar i Norge skil seg frå Bransjestatistikken til Den norske Forleggerforeningen, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga. Den skil seg òg frå Norsk bokfortegnelse som inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine.

#### Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjangrar 1990, 2002, 2003 og 2004

SJANGER/ÅR	1990	2002	2003	2004
Antologiar	6	12	15	7
Biletbøker	185	179	145	204
Dramatikk	1	1	0	1
Eventyr	11	9	4	8
Fagbøker	102	203	153	179
Lyrikk	3	5	4	6
Romanar	311	331	372	361
Songbøker	2	1	3	4
Sp. brukargr.*	3	1	0	0
<b>Totalt</b>	<b>624</b>	<b>742</b>	<b>696</b>	<b>770</b>

Samisk litteratur 6 25 7 7  
\* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk



#### Norsk og omsett litteratur 2003 – fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	7	0	8	0	15
Biletbøker	39	7	85	14	145
Dramatikk	0	0	0	0	0
Eventyr	0	0	4	0	4
Fagbøker	59	4	84	6	153
Lyrikk	2	0	2	0	4
Romanar	116	44	135	77	372
Songbøker	3	0	0	0	3
Sp. brukargr.	0	0	0	0	0
<b>Totalt</b>	<b>226</b>	<b>55</b>	<b>318</b>	<b>97</b>	<b>696</b>

#### Norsk og omsett litteratur 2004 – fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	3	0	1	3	7
Biletbøker	91	3	97	13	204
Dramatikk	1	0	0	0	1
Eventyr	0	0	0	8	8
Fagbøker	65	6	104	4	179
Lyrikk	3	1	1	1	6
Romanar	118	29	164	50	361
Songbøker	4	0	0	0	4
Sp. brukargr.	0	0	0	0	0
<b>Totalt</b>	<b>285</b>	<b>39</b>	<b>367</b>	<b>79</b>	<b>770</b>

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*

For statistikk 1996–2003, sjå tidlegare årbøker

### Omsetjingar fordelte på originalspråk 2003

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Italiensk	Japansk	Nederlandsk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleirspråkleg
Antologiar		1							1	2	4
Biletbøker	2	51	2	12		1	2		27	2	
Dramatikk											
Eventyr									4		
Fagbøker	1	71		7	1		3	1	5	1	
Lyrikk		1									
Romanar	14	130		2	2			1	48	15	
Songbøker											
Sp. brukargr.											
<b>Totalt</b>	<b>17</b>	<b>254</b>	<b>2</b>	<b>21</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>2</b>	<b>85</b>	<b>20</b>	<b>4</b>

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*  
 For statistikk 1996–2003, sjå tidlegare årbøker

### Omsetjingar fordelte på originalspråk 2004

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Italiensk	Japansk	Nederlandsk	Samisk	Slovensk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleirspråkleg
Antologiar		1											3
Biletbøker	2	56	1	7	1	11	5		1		22	4	
Dramatikk													
Eventyr	8												
Fagbøker	4	81		6							17		
Lyrikk		1				1							
Romanar	9	128		7			1		2	48	19		
Songbøker													
Sp. brukargr.													
<b>Totalt</b>	<b>23</b>	<b>267</b>	<b>1</b>	<b>20</b>	<b>1</b>	<b>12</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>87</b>	<b>23</b>	<b>3</b>

### Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	2002	2003	2004
Generelle skrifter	1	4	2	4
Filosofi	2	2	4	5
Religion	21	33	28	24
Samfunnskunnskap, -orientering	7	5	10	7
Språk	1	1	4	2
Naturvitskap, Økologi	33	42	32	46
Praktisk vitskap, Oppfinningar	13	31	20	26
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	33	22	32
Litteratur	0	0	1	1
Geografi og historie	7	52	30	32
<b>Totalt</b>	<b>102</b>	<b>203</b>	<b>153</b>	<b>179</b>

Det totale talet på utgivingar for 2004 er høgare enn for 2003 (770 i 2004 mot 696 i 2003). Det er òg det høgaste talet registrert i NBIs statistikk. Frå før stod 1998 (743) med høgaste utgivingstal. Dei omsette titlane står framleis for dei største variasjonane i statistikken.

Nedgangen i talet på bildebøker og fagbøker som vi såg i 2003, er snudd. I 2004 er det desse bokgruppene som står for den største auken.

For fagbøkene er det talet på nye omsette bøker som har auka mest. For bildebøkene er det motsett, her er det norske titlar som har auka. I 2004 blei det gitt ut 59 fleire norske bildebøker enn i 2003 (91 i 2004 mot 39 i 2003).

Det totale talet på romanar har ikkje forandra seg særleg (361 i 2004 mot 372 i 2003). Bak talet ligg det imidlertid ei viktig endring: Ein større del av titlane er nye, medan talet på tidlegare utgitte romanar er gått ned.

Oversikta over norsk og omsett litteratur er delt opp i nye og tidlegare utgitte tekstar. Nye opplag er ikkje med i statistikken, så «tidlegare utgitte tekstar» vil seie nye utgåver av tekstar som er gitt ut før. Ved hjelp av denne delinga er det mogleg å sjå eit trekk i årets statistikk som gjeld for både dei norske og dei omsette titlane: Den prosentvise fordelinga mellom nye og tidlegare utgitte tekstar har endra seg. I 2003 utgjorde nye bøker 72 % av det totale talet på utgivingar, medan andelen i 2004 er auka til 85 %. For dei norske titlane er den tilsvarande forskjellen 80 % i 2003 mot 88 % i 2004.

## Samla bokutlån til barn i folke- og skolebibliotek – tal på bøker per barn

Land	1990	2002	2003	2004
Norge	16,9	13,4	14,3	14,8
Sverige*	21,1	20,5	17,4	18,3
Danmark	68,9	53,9	63,4	50

### Kjelder:

Norge: Årsmelding og Årbok frå Statens bibliotektilsyn, Bibliotekstatistikk frå ABM

Sverige: Svenska barnboksintitutet

Danmark: Center for Børnelitteratur

\* Tal t.o.m. 2002 gjeld for barn opp til 12 år, frå 2003 barn opp til 14 år

## Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge

Norsk kulturfond blei oppretta i 1965 for å støtte ny norsk skjønnlitteratur gjennom ei eiga innkjøpsordning. For barne- og ungdomslitteratur inneber ordninga at Norsk kulturråd kvart år kjøper inn bøker i 1550 eksemplar som blir sende ut til folke- og skolebiblioteka. Faglitteratur var opphavleg ikkje med i innkjøpsordninga, men etter eit treårig prøveprosjekt (1996–1998) blei ordninga gjort permanent også for norsk faglitteratur for barn.

Skjønnlitteratur	1990	2002	2003	2004
Andre utgivingar*	194	171	167	220
Påmelde	119	120	119	131
Innkjøpte	97	114	111	114

Faglitteratur	1990	2002	2003	2004
Andre utgivingar*	21	59	59	65
Påmelde		34	34	45
Innkjøpte		16	19	22

Kjelder for innkjøpsordninga: Norsk kulturråd

\* Dette er tal frå Norsk barnebokinstitutt statistikk. For 1990 er det teke med nye utgåver (men ikkje nye opplag) av tidlegare utgitte bøker. Frå og med 2000 er tidlegare utgitte tekstar ikkje inkludert.